



Torbjørn Aase Nævdal
Ådlandsvegen 183
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykker:
Vår: 18/662 - 18/7619

Saksbehandlar:
Kristin Moe
kristin.moe@meland.kommune.no

Dato:
09.04.2018

Svar på søknad om fritak kommunale avgifter

Viser til søknad om fritak for kommunal avgifter datert 07.03.2018.

Det følgjer av lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg § 3 først ledd at eigar av fast eigedom skal betale vass- og avlaupsgebyr til kommunen når eigedomen er knytt til kommunale vass- og avlaupsleidningar. Det kan likevel gjevast fritak i visse tilfeller. Det følgjer av Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Meland kommune § 11 at:

«Etter søknad kan kommunen kan gje fritak for årsgebyret når gebyrpliktig eigedom fysisk blir kopla frå kommunen sitt leidningsnett. Ved innvilga søknad om fritak opphører abonnementet når melding om at anboringspunktet er plombert er motteke. Ny tilknyting av eigedommen krev ikkje ny betaling av eingangsgebyr for tilknytning.
Kostnader ved fråkopling og ny tilknyting dekkjast fullt ut av abonnenten. Arbeidet skal utførast etter tilvisning frå kommunen».

Då kommunen ikkje har motteke dokumentasjon på at eigedomen fysisk er kopla frå kommunen sitt leidningsnett kan vi dessverre ikkje innvilge søknad om fritak frå kommunale avgifter.

Vi vil likevel gjere deg oppmerksam på at du kan påvirke forbruksgebyret ved å velje måling av vassforbruket, jf. forurensningsforskriften § 16-4 annet ledd. Årsgebyret for vatn og avlaup i Meland kommune er delt inn i abonnementsgebyr og forbruksgebyr, jf. Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Meland kommune § 6. Alle abonnenter betaler like abonnementsgebyr. Når det gjeld forbruksgebyret kan abonnenten velje mellom målt forbruk (faktisk vassforbruk målt med vassmålar) eller stipulert forbruk (gjennomsnitt).

Om du ønskjer å betale gebyr etter målt forbruk, kan vassmålar leigast av kommunen. Vi minner om at abonnenten må betale alle kostnader knytt til installering og vedlikehald av målaren.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Kristin Moe
juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Torbjørn Aase Nævdal

Ådlandsvegen 183 5918

FREKHAUG